



O K Charter AS  
Vestbygdvegen 11  
5919 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/5984 - 21/59219

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
08.09.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 345/35

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 345/35  
Tiltakshavar: Ingrid Brakstad Klausen  
Ansvarleg søkjar: O K Charter AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.06.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal liggje føre gjennomføringsplan i søknaden.
2. Det skal ligge føre snittteikningar, lengde profiler på veg og avkjørsel.
3. Det skal vedleggjast oppdatert målsatt situasjonsplan som viser parkeringsplass på maks.36 m<sup>2</sup>. Vi minner på vilkår i dispensasjonsvedtaket av 10.03.21 som prosjekterande og utførande føretak skal ta stode til:

### Vedtak :

**Alver kommune tar klagen delvis til følgje og godkjenner søknad om dispensasjon frå arealformålet og byggeforbodet mot tiltak langs Rylandsvassdraget, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6. for etablering av ny vegtilkomst med parkeringsplassar for gbnr 345/45 og delvis på gbnr 345/59 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

- Eksisterande vegetasjon ut over den som er naudsynt for bygginga skal takast vare på.
  - Parkeringsplassar skal reduserast til 36 m<sup>2</sup>, jf. føresegn 1.6.9 i kommunedelplanen for Meland. Revidert situasjonskart må sendast inn saman med søknad om løyve etter pbl kapittel 20.
  - Det vert stilt krav om masseutskifting rundt leidningane. Røyr for overvatn under Skintveitvegen like ved avkøyrse samt at bekkeløp for overvatn på gbnr 345/35 må oppretthaldast.
4. Det er uklart om nabovarsel til gbnr 345/44 er sendt ut ifrå vedlagt gjenpart til nabovarsel.

5. Vi registrerer at nabovarsel til Alver kommune ligg vedlagt i byggesaka og sender den vidare til Eigeomsavdelinga her, kor den skulle leverast.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 08.10.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Erik Klausen	Postboks 70	5906	FREKHAUG
Ingrid Brakstad Klausen	Postboks 70	5906	FREKHAUG

### **Mottakarar:**

O K Charter AS	Vestbygdvegen 11	5919	FREKHAUG
----------------	------------------	------	----------